

Rettingar til Bjerkreimboka IV

Her er nokre rettingar til siste band av Bjerkreimboka, som Per Spødervold har notert. Men først retting til band I og II:

580 Mykje tyder på at Hadvarshom ikkje låg øyde i 1701. Eit militærmanntal frå 1700 fortel at Kjetil Olsen då budde i Hadvarshom og var «afsindig». Kanskje vart Kjetil så sint på dei som ville verva han til krig, at dei ikkje torde nærma seg ved folketeljinga i 1701. Eller kanskje han rymde får garden. (Fortalt av Astrid Humberstet)

1213 Bjerkreimboka II. Venstre bilete. Det er Ludvik G. Egeland (Ivesdal 98.1) og bror til Hanne som sit til venstre. Han hadde farm ved Grafton i Nord Dakota.

Ludvik G. Egeland fotografert i Dakota saman med søstera Henne som vart gift til Øygard. På farmen sin i USA hadde Luvik «9 heste, 14 kukreaturer,



30 lamsaue og nogle og 30 Kalkuner» Før jul hadde han 500 kalkuner som blei slakta for bare 9 dollar stykke. Dette skriv han i eit brev til Torvald Austrumdal i 1930 der Torvald har spurt han om å selja den nye bygdeboka «Bjerkreim» til utflytta sambygdingar.


2410 Nederst venstre spalte: "...Dei bygde iallfall det noverande huset i 1913." Huset frå 1913 vart rive i 1980-åra, og nytt hus vart bygd på same staden.



2429 Biletteksten nedst: Kvinna til høgre er Alma Kvitlen som er dotter til Hanne Kvitlen og dotterdotter til Lise, sjå Hovland 218.1.



2430 Øverste bilete. Det er Viljen Kvitlen og ikkje Tønnes Kvitlen, som står utafor huset. Tønnes ville aldri la seg fotografera



2432 Bilete nedst: Det er søskenbarna Jenny Maudal (u.42.5), Solveig Sundvor (18.2) og Marie Knutsen (dotter til Hanne Maudal (42.4)), som sit framfor løa på det nedste bilete.



2437 Mannen til venstre på bilete er Reinert Ivesdal (63.5), som tente hjå dei denne sommaren, og ikkje "Gamle Tollei".

2439 Biletteksten nedst på sida: Bygningane i bakgrunnen høyrer til bnr 3 (og ikkje 2). Dette var "Nilsagarden", heimen til Nils Ivarson og dei to søsterene hans Berte Malena og Hansine. "Nils og Guri" er og feil, Guri budde på bnr 2 saman med mannen Ivar.

2449 Bilete øvst er ikkje teke av Elling T. Hegelstad, men av ein innleigd fotograf



2484 Nederst. Det er Magnus Hegelstad og ikkje Enevald som er på bilete

2490 Fotograf på det øverste bilete er Tyra Gjedrem.



2490 Nedste bilete: Det er Klaus Sagland og ikkje Klaus Apeland som sit til venstre.



2498 Mannen på utsnittet på bilete øvst til høgre er Marselius Austdal, bror til Samuel Austdal som står som nr 5 frå venstre. Han var sersjant og ikkje kompanisjef og har same uniform som Viljen Kleppali på side 2451. (Fortalt av Rolf Ivesdal)

2599 Eigar til bilete på side 2443 er Reidar Apeland

2599 Eigar til bilete på side 2445 nedst t.v. er Jean Vassbø

2599 Eigar til bilete på side 2449 øvst er Magne og Tordis Vinningland

2599 Eigar til bilete på side 2458 nedst er Svanhild og Paul Auestad

2600 Eigar til bilete på side 2486 øvst er Magnus og Oddrunn Slettebø

2600 Eigar til bilete på side 2486 nedst er Ester Skjøveland sine barn